




Voss herad



SNU Voss

STRATEGISK NÆRINGSUTVIKLING I VOSS HERAD

Temaplan 2023 - 2030



Forord

Berekraftig vekst og utvikling, samhandling og samskaping mellom frivillig-, offentlig- og privat sektor, vil gje god samfunnsutvikling i Voss herad. Heradet er ansvarleg og medansvarleg for ei rekkje tenester og tilbod i lokalsamfunnet, og den offentlege velferda og verdiskapinga i det private næringslivet er uløseleg kopla i hop.

Difor treng Voss herad eit livskraftig næringsliv med attraktive arbeidsplassar. Næringslivet treng ei strategisk plassering og tilgang til arbeidskraft, men også ein lydhør og føreseieleg offentlig samarbeidspartnar.

Med temaplanen SNU Voss er rammene lagt slik at me i fellesskap kan utvikla heradet fram mot 2030.

Og, korleis vil me ha det i Voss herad i 2030?

Næringslivet blømer. Innbyggjarane bur i eit berekraftig, moderne og attraktivt herad der det er spanande, trygge og gode arbeidsplassar og eit rikt kulturliv. Innbyggjarar og gjester opplever Voss som eit svært attraktivt og godt organisert samfunn.

Gjennom systematisk arbeid med Vossaklima 2030 er me heilt i front i omstillinga til det grønne skiftet. Det gjev oss eit konkurransefortrinn me må setja alt inn på at bærer frukter.

Me har oppvekstarenaer som dannar grunnlag for skapande, deltakande og engasjerte menneske. Eksisterande verksemdar får dekkja sine kompetansebehov, nye verksemdar og næringar vert stifta og det er eit mangfald av moglegheiter for innbyggjarane. Me lukkast med å ta vare på viktig natur og moglegheiter for nye generasjonar, på same tid som med legg til rette for ein berekraftig nærings- befolknings- og besøksvekst.

Regionsenteret Voss er i vekst. Handels- og opplevingsbedrifter har gode rammevilkår, og har saman med resten av næringsapparatet klart å skapa eit herad som hegnar om sin eigenart og vert opplevd som attraktivt.

Tett dialog og kontakt mellom næringslivet, frivillig lagsliv, folkevalde og tilsette i heradet er både inspirerande og naudsynt. Samarbeid og samskaping må til skal me lukkast!

Voss, 15. desember 2022

Hans- Erik Ringkjøb
Ordførar, Voss herad

Arild Mc Clellan Steine
Rådmann, Voss herad



Innhald

Forord.....	2
Innhald	3
Samandrag	4
Innleiing.....	5
Bakgrunn.....	5
Formål	6
Status	7
Kva skal til for at Voss lukkast i næringslivsarbeidet?	8
Roller og ansvar i næringslivsarbeidet.....	9
Satsingsområda	10
1. Omstilling, innovasjon og berekraft.....	11
2. Haldningar og samarbeidsprosjekt	15
3. Vertskapsrolla	16
4. Møteplassar	19
5. Infrastruktur	20
6. Kompetanse	23
Effekt av satsingsområda i ulike næringar	24
Samarbeid for å nå måla	24
Internasjonale, nasjonale og regionale føringar	25
Oppfølging	26
Vedlegg:	26
Lekkjer til kunnskapsgrunnlag:	26



Samandrag

Med planen «Strategisk næringsutvikling i Voss herad» (SNU Voss) skal me ta grep for å leggja til rette for ei best mogeleg utvikling av nærings- og samfunnsliv på Voss. Me skal ha ei heilskapleg tilnærming til arbeidet og sjå næringsutviklinga i samband med anna samfunnsutvikling i heradet vårt.

Hovudformålet med SNU Voss er å sørge for at Voss herad er i vekst og er ein føretrekt stad å vidareutvikla og etablera berekraftige verksemdar og næringar. FN sine berekraftsmål og samfunnsplanen er førande for planen. Vidare heng måla i planen tett i hop med måla i andre planar som Vossaklima og Voss i vekst, og relevante regionale planar.

Me har utvikla eit bilete av kvar me ynskjer vera i 2030, kva som er styrker og svakheiter med slik me har det i dag, kva naturgjeve utgangspunkt Voss har – og analysert kva grep me i fellesskap må ta for å skapa ynska utvikling.

Arbeidet dei kommande åra er strukturert i seks utvalde satsingsområde:

1. Omstilling, innovasjon og berekraft
2. Haldningar og samarbeidsprosjekt
3. Vertskapsrolla
4. Møteplassar
5. Infrastruktur
6. Kompetanse

Realisering av mål og tiltak knytt til desse satsingsområda skal bidra til at Voss vert blant dei kommunane som lukkast i arbeidet med strategisk næringsutvikling. Samla skisserer SNU Voss 49 mål og 147 tiltak som skal styrka dugnaden med å skapa ei berekraftig og velfungerande samfunnsutvikling i Voss herad. Det skal vera attraktivt å driva og etablera næring i Voss herad. Me skal sørge for at eksisterande og nye næringsaktørar møter ein koordinert og kompetent kommune med ei positiv “dette får me til”-haldning innanfor lovverk og politiske vedtak.

Skal ambisjonane i planen nåast lyt me samarbeida. Likeins må både kommuneorganisasjonen og næringslivet vera eige ansvar og roller bevisst - og samhandla kontinuerleg. For å lukkast lyt det og samarbeidast kring fire faktorar som spelar saman og forsterkar kvarandre: Bustadkvalitet, arbeidsmarknad, næringsliv og kunnskapsmiljø.

SNU Voss, Strategisk næringsutvikling i Voss herad, temaplan 2023 – 2030 er utarbeidd av Voss herad i samarbeid med lokalt næringsliv, lagsliv, NAV, Hardanger og Voss Næringshage og Visit Voss. Planen er premissgjevande for utviklinga av næringslivet i heradet og vert eit viktig grunnlag for revisjon av kommuneplanen sin arealdel, for handlingsplanen og for anna planlegging. SNU Voss skal gjelda heile Voss herad – både kommuneorganisasjon, næringsliv, frivillig lagsliv og innbyggjarane elles.

Planen bør reviderast minst kvart fjerde år. Behovet vert avklara i planstrategien.

Det vert utarbeida to vedlegg til planen:

Handlingsplan SNU Voss som skisserer kva tiltak som skal prioriterast i fyrste planbolken (2023 – 2027) og Reiselivsstrategi for Voss (2023 – 2027) som skildrar strategiar og tiltak spesifikt retta mot reiselivsnæringa. Handlingsplanen skal oppdaterast årleg og tiltak som skal realiserast i heradet sin regi vil verta avspegla i økonomiplan og budsjettarbeid. For å gjera det lettare å fylgja opp planen bør midlane i Kræffondet rettast mot tiltaka i planen.



Innleiing

Demografiske endringar, urbanisering, digitalisering, klima- og naturkrise, globalisering og pandemi påverkar utviklinga i Vestland – og utviklinga hjå oss. Alt som skjer rundt oss grip inn i kvardagane våre og påverkar både næringslivet vårt, miljø- og klima, økonomi og lokalt samfunnsliv.

Med planen «Strategisk næringsutvikling i Voss herad» (**SNU Voss**) skal me ta grep for å møta dei mange utfordringane i arbeidet med å leggja til rette for ei best mogeleg utvikling av nærings- og samfunnsliv på Voss. Planen er tufta på fylgjande hovudprinsipp:

- Næringsarbeidet i Voss herad skal bidra til at visjonen i Kommuneplanen sin samfunnsdel «Voss som sterkt regionsenter og levande bygder» vert nådd.
- Voss herad skal vera agent for eiga utvikling. Me skal ha ei heilskapleg tilnærming til næringslivsarbeidet og sjå dette i samheng med overordna arbeidet med samfunnsutvikling og som del av arbeidet med å skapa gode lokalsamfunn.
- Næringslivsarbeidet i Voss herad skal vera prega av tillit og dialog.
- Næringslivet i Voss herad skal utviklast i tråd med FN sine berekraftsmål.
- Voss herad skal bidra til at regionale planar og strategiar vert realisert. Me skal vera opne for samarbeid på tvers av kommunegrenser, med regionale og statlege myndigheiter, forskningsmiljø, næringsklynger og frivillig lagsliv.

Bakgrunn

Arbeidet med plan for strategisk næringsutvikling tek utgangspunkt i [kommuneplanen sin samfunnsdel](#), der det står:

Voss herad og Vossevangen skal vera ei drivkraft for vekst i regionen – både for nabokommunane og overfor eigne lokalsenter og nærsenter. Voss er ei kulturbygd, der tradisjon og utvikling går hand i hand. Visjonen som vert lagt til grunn for Voss herad, er at me skal vera eit sterkt regionsenter med levande bygder. Me skal vera attraktive, innovative og inkluderande.


FN sine berekraftsmål skal leggjast til grunn i all samfunnsutvikling i Voss herad. I arbeidet med strategisk næringsutvikling er fylgjande berekraftsmål særleg viktige:





[Planstrategi 2020 – 2023](#) lyfter fram arbeidet med strategisk næringsutvikling som ei prioritert oppgave under satsingsområdet «Vossingane». Her står: **Strategisk næringsutvikling (temaplan):** *Koronakrisa har synt at også kommunen lyt tenkja nytt. Satsinga på strategisk næringsutvikling skal bidra til at reiselivsnæringa vert styrka samstundes som me inviterer til ny næringslivsutvikling innan andre område, slik at me får «fleire bein å stå på», utviklar grøn konkurransekraft - og vert betre rusta for framtida.*

Me skal ha ei heilskapleg tilnærming til næringslivsarbeidet vårt og sjå dette i samheng med overordna arbeidet med samfunnsutvikling og som del av arbeidet med å skapa gode lokalsamfunn. Slik vert avgrensinga til andre kommunale planar viktig.



Formål

Hovudformålet med SNU Voss er å sørge for at Voss herad er i vekst og er ein føretrekt stad å vidareutvikla og etablera berekraftige verksemder og næringar.

Delmål :

- Auka næringsaktivitet og sysselsetting i heradet.
- Avklara kva rolle heradet skal spela og korleis dette arbeidet skal organiserast.
- Samla næringslivet på Voss for å optimalisera synergjar mellom næringar.
- Utarbeida handlingsplan og tiltaksliste.
- Utarbeida strategi for heilskapleg reisemålsutvikling.
- Kartleggja potensialet for få fleire grønne industribedrifter til å etablera seg på Voss.

Næringsarbeidet i Voss herad skal ta utgangspunkt i dei lokale geografiske og næringsmessige fortrinna heradet vårt har. Me skal arbeida strategisk med ei heilskapleg brei tilnærming.

Befolknings- og næringsutvikling heng nært saman. Kor attraktive me er kan sjåast på som resultatet av fire gjensidig forsterkande element: bustadkvalitet, arbeidsmarknad, næringsliv og kunnskapsmiljø (BANK - modellen). Lukkast me med å skapa eit sterkt kunnskapsmiljø, vil det styrka sjansen for å tiltrekka verksemder som har behov for kunnskapen, noko som igjen vil auka attraktiviteten for menneske som har kompetansen verksemdene etterspør. Vekst i befolkninga vil føra til at butikk-, service- og kulturtilbodet vårt vert utvida, noko som igjen styrkar bustadattraktiviteten.

Dette inneber at me ikkje berre skal profesjonalisera og rigga kommuneorganisasjonen relatert til dei tenestene som er direkte retta mot verksemder og etablerarar. Voss herad sin plan for strategisk næringsutvikling omfattar og tilhøve som kommunal infrastruktur, tilgang til næringsareal, bustadtilbod, stad- og sentrumsutvikling, tilflyttingsarbeid og kommunale tenestetilbod.

SNU Voss skal gjelda heile Voss herad – både kommuneorganisasjon, næringsliv, frivillig lagsliv og innbyggjarane elles.




Status¹

Voss herad er ein kraftkommune, me har fjell og fjordar som er ynda turist – og rekreasjonsmål, areal nok for framtidig næringsutvikling og ei gunstig geografisk plassering. Baksida av medaljen er at me allereie slit med rekruttering og rett kompetanse, ei aldrende befolkning, mangel på nettkapasitet og eit for stort gap mellom kommunenivået og FoU- miljøa. Dessutan samarbeider me for lite – både kva gjeld samarbeid mellom herad, næringsliv og lagsliv, næringslivet seg imellom og samarbeid med andre relevante nærings- og samfunnsutviklingsaktørar i regionen.

I åra som kjem vil Noreg stå ovanfor både kjente og ukjente utfordringar. Det vert færre i yrkesaktiv alder bak kvar pensjonist, staten sine utgifter vil auka utan at inntektene aukar like mykje – og me skal gjennomføra det grønne skiftet. Dei overordna trendane påverkar og Vossabygda.

Som reiselivsbygd råka koronapandemien Voss hardt, og det er framleis for tidleg å seia kva dei langsiktige verknadane vil vera – både for næringslivet og for oss som privatpersonar. Pandemien synte oss og at me er sårbare og bør ha «fleire bein å stå på» for å verta betre rusta for framtida. Situasjonen i dag syner likevel svak vekst, både i tal innbyggjarar og tal arbeidsplassar.



Utvalde nøkkeltal Voss

Siste halvåret har vore prega av internasjonal uro med krig i Ukraina og folk på flukt i Europa. Kvardagane til både næringslivet og hushalda er dessutan prega av auka stramprisar, auka drivstoffprisar og auka matprisar – samstundes som pandemien ikkje heilt slepp taket.

Takk vera storslagen natur, store kjende faste arrangement og staute Vossa-ambassadørar er Voss ei god merkevare – eit godt «brand». Dette kan me byggja vidare på. Likeins er bygda rik på frivillige lag og organisasjonar som allereie bidreg til at «hjula går rundt». At me har tillit til kvarandre, syner omsorg og jobbar frivillig på ulikt sett vil kunna ha stor betydning også for vidare samfunnsutvikling hjå oss.

¹ Sjå utarbeida kunnskapsgrunnlag her: https://voss.herad.no/f/p1/i327eed30-7309-46a8-a51a-4f11d58a7d1b/150822_kunnskapsgrunnlag.pdf



Kva skal til for at Voss lukkast i næringslivsarbeidet?

Dersom distriktskommunar skal lukkast med å leggja til rette for og stimulera til næringsutvikling, må dei utnytta det lokale handlingsrommet. Arbeidet med nærings- og samfunnsutvikling lyt vera koordinert. Kommunen må og ha forståing for kva lokalt næringsliv treng av støtte og bistand, og vera proaktiv ovanfor verksemder og gründerar.

Kjenneteik for distriktskommunar som lukkast i arbeidet med strategisk næringsutvikling er:

- At arbeidet med næringsutvikling vert sett i samanheng med andre viktige kommunale innsatsområder som bustadutvikling, inkludering, stadsutvikling og tilflytting.
- At kommunen si rolle som forvalter, tenesteprodusent og entreprenør vert sett i samanheng.
- At kommunen skaffar seg betre forståing for næringslivet sitt behov.
- At økonomiske verkemiddel (Kraftfondet) styrkar kommunen i næringsarbeidet.
- At kommunen prioriterar entreprenørrolla; er utadretta, initiativrik, utviklar og føl opp næringslivet.
- At utviklingskulturen er prega av lite jantelov - det er lov å prøva og feila.
- At det er kort veg frå idè til beslutning.
- At eldsjeler og initiativ frå enkeltpersonar vert verdsatt og tatt på alvor.
- At kommunen i samarbeid med næringslivet har «beredskap for flaks», dvs. kommunen lyt ha evne til å reagere raskt og utnytta positive mogelegheiter i næringslivet.

Kjelder: Distriktsenteret²³ og KS⁴⁵

Voss herad – kommuneorganisasjonen i tett samspel med næringsliv og frivillig lagsliv – skal med **SNU Voss** ha ambisjonar om å utvikla Voss til ein kommune som fyller «suksékriteria» over og vert kjend som ein proaktiv støttespelar for strategisk næringsutvikling i Voss og regionen Indre Vestland.

Satsingsområda i **SNU Voss** er utarbeida for at Voss skal vera blant dei kommunane som lukkast i arbeidet med strategisk næringsutvikling.

² <https://distriktsenteret.no/artikkel/%E2%80%8Bnotat-distriktskommuner-som-lykkes-godt-med-naeringsutvikling/#target-3>

³ <https://distriktsenteret.no/fagomrader/naeringsutvikling/>

⁴ <https://www.ks.no/fagomrader/samfunnsutvikling/naringslivsutvikling/kjennetegn-pa-vellykket-naringsutvikling/>

⁵ <https://www.ks.no/fagomrader/samfunnsutvikling/naringslivsutvikling/>



Roller og ansvar i næringslivsarbeidet

Skal Voss herad lukkast i arbeidet med strategisk næringsutvikling - og kunna realisera satsingar, mål og tiltak i **SNU Voss**- lyt både herad og næringsliv vera eigne roller bevisst og ta ansvar⁶.

Kommunen sitt ansvar i arbeidet med næringsutviklinga omfattar tre roller:

Rolla som forvaltar:

- Ivareta breie samfunnsmessige interesser i tråd med gjeldande lover, forskrifter og reglement (arealplanlegging, byggjesak og skjenkebestemmelsar). Heradet skal arbeida for ein berekraftig balanse mellom næringsutvikling, natur- og kulturmangfald.

Rolla som tenesteproducent:

- Yta tenester ovanfor lokalt næringsliv, eksisterande og etablerarar (Fyrstelinja for næringsutvikling, økonomiske verkemiddel).

Rolla som entreprenør:

- Ta initiativ og delta i gjennomføring av utviklingsprosjekt i samarbeid med næringslivet, utvikla og fylgja opp strategiske planar og delta aktivt på lokale næringslivsarenaer

Næringslivet sjølv er i mange tilfelle drivkrafta i næringsutviklingsarbeidet. For at samarbeid og samspel mellom herad og næringsliv skal vera best mogeleg lyt næringslivet ta ansvar for fylgjande:

- Organisera seg på ein god og føremålstenleg måte. Dette slik at heradet har representative kontaktflater som me kan trekkja veksling på i strategiske planprosesser
- Ta aktive initiativ til dialog og samhandling
- Sjølv styrka rekruttering og kompetanseutvikling. Verksemdene kan bidra med undervisning, lærlingeplassar, seniorsatsingar, stipend eller ved å tilretteleggja for prosjekt med skulane som bidreg til å auka interessa for eit fagområde som treng kompetent arbeidskraft
- Syna vilje (og tid) til å stilla opp for fellesskapssatsingar
- Ha kjennskap til plan- og bygningslova. Dess tidlige næringsaktørar informerer om framtidige behov, dess betre ligg det til rette for å gjennomføra planprosessen i tråd med dei juridiske krava som gjeld
- Bidra med marknadsinformasjon. Verksemdene lyt bidra med god informasjon om marknadsutvikling, slik at heradet har sjans til å fylgja opp både der det kan komma utfordringar og der det kan dukka opp nye mogelegheiter. Ein viktig del av informasjonsarbeidet frå næringslivet er å synleggjera forskjellar på kort og lang sikt
- Informera om betydningen av komplementære verksemder eller næringar



⁶ Kjelder: distriktssenteret.no og www.ks.no/fagomrader/samfunnsutvikling/naringslivsutvikling/KS.no



Satsingsområda

For på best mogeleg sett kunna ta grep i arbeidet med ei heilskapleg og framtidretta næringslivsutvikling vart det som ledd i medverknadsprosessen gjennomført ein SWOT- analyse⁷.

STYRKER (S)



SVAKHEITER (W)



MOGLEGHEITER (O)



TRUGSLAR (T)



Med bakgrunn i kunnskapsgrunnlaget, naturgjevne føresetnader og SWOT- analysen skal arbeidet med strategisk næringsutvikling i Voss herad intensiverast kring seks satsingsområde:

1. Omstilling, innovasjon og berekraft
2. Haldningar og samarbeidsprosjekt
3. Vertskapsrolla
4. Møteplassar
5. Infrastruktur
6. Kompetanse

Utvalde satsingsområde, mål og tiltak skal bidra til at Voss herad utnyttar styrker til å bli mogelegheiter. Samtidig er det lagt vekt på å redusera svakheiter og trugslar ved å kopla desse til styrker og mogelegheiter.

Satsingar og tiltak som skal prioriterast i fyrste bolc er samla i: **SNU Voss - Handlingsplan 2023 – 2027 (vedlegg 1).**

⁷ SWOT er ein analyse som nyttast ved strategisk planlegging eller kartlegging av sterke og svake sider, samt identifisering av eventuelle problem og mogelegheiter som kan påverka utviklinga. SWOT er akronym for dei engelske orda «Strengths, Weaknesses, Opportunities, og Threats». SWOT analysen er satt saman av innspel frå arbeidsgruppa, andre nøkkelpersonar i Voss herad, Næringsshagen Voss Hardanger, Visit Voss, Voss sentrum og «Ressursgruppe korona» og oppsummering frå Menon- rapporten.



1. Omstilling, innovasjon og berekraft

1.1. Grøn giv i næringslivet

Grøn næringsutvikling betyr at produksjon, tenester og næringsaktivitet skal utviklast i ei retning som er meir berekraftig for miljø og klima, og i tråd med FN sine berekraftsmål.

Endringar og innovasjon knytt til grøn næringsutvikling vil skje på ulike måtar:

- Forbetring av eksisterande produkt, teknologi og tenester.
- Utvikling av ny teknologi, nye produkt og tenester, nye organisasjonsmåtar og nye marknader.
- Etablering av heilt nye verdikjeder.

Mål:

- ❖ Voss herad skal bidra til å utvikla nye og meir energieffektive næringar – som kan innebera innovative løysingar og nye lokale verksemdsetableringar.
- ❖ Næringslivet i Voss herad skal bidra til å utvikla gode løysingar som kan gje reduserte klimagassutslepp.
- ❖ All næringsverksemd skal leggja til grunn prinsippet om arealnøytralitet, i tråd med Vossaklima 2030.

Tiltak:

- Voss herad sine innkjøp skal prioritera berekraftige løysingar
- Voss herad skal stilla krav om klima- og miljø hjå næringsliv, organisasjonar og arrangement som mottok kommunal støtte
- Utvikla Kraftfondet som katalysator for grønne nyetableringar i Voss herad. Satsingar som er økonomisk berekraftige, og fremjar samarbeid på tvers av næringar skal prioriterast
- Stimulera til at næringslivet deltek i relevante nettverk som Klimapartner
- Oppmoda næringslivet til å bidra i arbeidet med å nå måla i Vossaklima 2030
- Vera aktiv i vidare arbeid med Grøn region Vestland for styrka samarbeid og synergiar i regionen
- Herad og næringsliv skal søkja finna løysingar for gjenbruk og gjenvinning av massar gjennom det grønne skiftet.

1.2. Berekraftsbygda Voss

Utanfor Voss er det særleg to ting Voss er kjent for: Det tradisjonsrike, særnorske og nasjonalromantiske, og det ekstreme, ville og nye. I spennet mellom det trygge og det galne ville me vera betre rusta enn dei fleste til å kopla historia med framtida, tenkja globalt, handla lokalt og skapa det nye berekraftige.

Mål:

- ❖ Voss herad skal vera kjent som berekraftsbygda og slik vera attraktive for verksemdar og arbeidskraft som arbeidar for FN sine berekraftsmål og skapar grøn vekst.

Tiltak:

- Byggja posisjonen aktivt internt i kommuneorganisasjonen
- Byggja posisjonen aktivt for eksterne interessentar
- Sjå til at berekraft og berekraftsmåla vert integrert i all kommunal samfunnsplanlegging
- Initiera aktivitetar og prosjekt som gjer næringslivet bevisst på potensialet for berekraftig vekst





1.3. Voss - eit grønt og berekraftig reisemål

Voss herad har ein storslagen natur som inviterer til gode og sterke opplevingar, heile året. Å sikra og forvalta verneverdig natur og kulturmiljø i heradet vil vera viktig for ny nærings- og reiselivsutvikling, for å oppretthalda ei levande landbruksbygd og for allmenn folkehelse og livskvalitet.



BEREKRAFTIG
REISEMÅL

Voss har ein lang historie innan reiseliv, med drivande, synlege og dyktige entusiastar som har vorte trekkplaster og/eller har gått føre for å sikre attraksjonskrafta for Voss. Det har medført gode ringverknader for mange små og store reiselivsaktørar, som i fellesskap har satt bygda på kartet.

Mål:

- ❖ Voss skal ta internasjonal posisjon som heilårleg baseturismedestinasjon⁸.
- ❖ Kulturbygda, idrettsbygda, skibygd, festivalbygda og Ekstremsportbygda Voss skal vidareførast, styrka merkevara Voss og skape bu-lyst.
- ❖ Me skal bidra til ei berekraftig utvikling av ei turistnæring som skapar arbeidsplassar og fremjar lokal kultur og lokale produkt.

Tiltak:

- Realisera reiselivsstrategi for Voss i samspel med reiselivet og andre relevante aktørar
- Vidareføra sertifiseringsordninga «Merke for berekraftig reisemål»
- Bidra aktivt for å vareta dei unike natur- og kulturkvalitetane i verdsarven
- Vidareutvikla potensialet kring «Hjarta av Fjord Noreg⁹» saman med relevante aktørar
- Setja besøksforvaltning på dagsordenen i samarbeid med grunneigarar, reiseliv- og landbruksnæringa
- Vera pådrivar for utdanningstilbod lokalt som sikrar framtidige reiselivsaktivitetar på Voss
- Utvikla gardsturisme liknande også knytt til berekraftig reiseliv, som verkemiddel for å gje landbruksnæringa fleire bein å stå på
- Skapa meir liv i sentrum på ettermiddag/ kveld/ helg



⁸ Baseturisme betyr at gjestane bur lenger og brukar Voss som ein base for opplevingar i regionen

⁹ Voss er lokalisert mellom dei to største og flottaste fjordane i verda (hjarta i fjord-Noreg) og bør utnytta dette potensialet betre enn kva me gjer i dag.



1.4. Sirkulære Voss

Vegen til ein sirkulær økonomi vil innebera at fokus på å designa produktet på ein berekraftig måte ligg til grunn, at det skal vera effektiv ressursbruk i produksjonen og moglegheit for å ombruka, reparera og gjenvinna gjennom heile livslauget til eit produkt. Ei samla satsing på sirkulærøkonomi vil både bidra i omstillinga til lågutsleppsamfunnet, grøn omstilling i næringslivet og auka konkurransekraft i verksemdene våre.

Mål:

- ❖ Vossasamfunnet skal vera ein aktiv pådrivar i omstilling til sirkulærøkonomi.

Tiltak:

- Bidra til at forprosjektet «Sirkulære Voss og omegn¹⁰» i regi av Næringshagen Voss og Hardanger vert realisert
- Bidra til at satsinga «Biopark Voss» vert realisert¹¹
- Leggja til rette for auka reparasjon, ombruk og delingsøkonomi for å sikra berekraftig forbruk og avfallsminimering i samarbeid med lagsliv, næringsliv og dei kommunale selskapa våre
- Bidra til å realisera prosjekt og tiltak som måtte komma som resultat av prosjektet «Sirkulære Voss og omegn» (frå 2024)



1.5. Kortreist mat og drikke

Lokalmat og – drikke gjer Voss herad meir attraktiv for turistar, næringsliv og privatpersonar.

Mål:

- ❖ Voss er ein destinasjon som satsar på lokalmat – og drikke for å skapa konkurransefortrinn og tiltrekka oss nytt næringsliv.
- ❖ Næringslivet vårt samarbeider for å sikra lokale arbeidsplassar og vidareutvikling av lokalmat- og drikke.

Tiltak:

- Kartleggja lokalmatprodusentar og byggja opp tilgjengelegheita av desse
- Støtta etablering av nytt meieri på Voss
- Stimulere til vidareutvikling av frukt- og grøntproduksjon i Voss herad, og slik skapa ein lokal marknad
- Støtta opp om initiativ som «Reko-ring Voss» og «Bondemarknad»
- Lokalmatprodusentane organiserar seg og samlar oss om ei felles merkeordning for lokalmat frå Voss
- Føretrekkja kortreist mat- og drikke på kurs og konferansar i kommunal regi
- Etablera mathall på Vangen
- Styrka verdiskaping av måltidsopplevingar med lokal mat- og drikkekultur



¹⁰ Forprosjektet «Sirkulære Voss og omegn» er eit toårig prosjekt i regi av Næringshagen (2022 – 2023). Prosjektet består av fire arbeidspakker: (i) Kartleggja potensialet for sirkulær verdiskaping på Voss og utforska moglegheitene fornye sirkulære forretningsområde i ulike bransjar, (ii) Gjenbruksstipend og grunderstøtte, (iii) samarbeid med IHM og prosjektet Biopark Voss for å tiltrekka nye verksemder til Voss og (iv) Utvikla ein HUB og kunnskapssenter for sirkulær nyskaping i regionen. Satsinga er finansiert av Næringshagen Voss og Hardanger, Voss herad og Vestland fylkeskommune.

¹¹ <https://www.ihm.no/om-oss/samfunnsansvar/prosjekt-biogass-pa-voss>



1.6. Vossakulturen som næringsveg

Store kulturarrangement er lyfta fram som motorane for ei samla kulturnæring som genererer store verdjar i Vestland fylke. For Voss, som allereie har skapt seg eit godt ry som festival- og arrangørbygd, er dette lovande og vel verdt å satsa vidare på.

Vossabygda har og ei mengd småskala kulturleverandørar av kortreist mat og drikke. Me har både tradisjonelle og meir nyskapande aktørar innan kunst- og handverksarbeid som bidreg positivt i den lokale næringsutviklinga.

Mål:

- ❖ Kunst- og kulturnæringa, tradisjon og innovasjon, skal vera ei synleg satsing i kommunen si næringsutvikling.
- ❖ Voss herad skal oppleve auka sysselsetting innan kulturnæringa og auka tal kreative næringar.

Tiltak:

- Stimulera til samarbeid mellom kulturbasert næringsliv og frivillig kulturarbeid
- Målretta bruk av Voss herad sine kulturmidlar for å stimulera til kulturell nyskaping
- Nyttja lokale, profesjonelle kunst- og kulturformidlarar i presentasjon av Vossabygda
- Støtta opp om ei berekraftig utvikling av utdanningsinstitusjonar innan kulturbasert næring
- Bidra til at satsingar som samlar næringar innan lokal kunst, kultur og handel vert realisert.
- Støtta opp om verdiskaping av det unike domestiserte artsmangfaldet i Voss herad.



1.7. Landbruk og jordvern

Landbruk er ei stor og viktig næring for Voss, både for sysselsetting og verdiproduksjon, mattryggleik, kulturlandskap, naturmangfald og identitet. Landbruket er slik langt meir enn ei næring. Jord- og skogbruk er viktig for bevaring av biologisk mangfald og funksjonen som karbonlager. Verdikjeder knytt til skog og jordbruk inneheld kunnskapsintensive, tenesteytande næringar og spesialiserte underleverandørar. Landbruket spelar også ei viktig rolle for å vidareføra tradisjonell kunnskap og kultur knytt til bruk av ressursane.

Mål:

- ❖ Oppretthalda kulturlandskap, tradisjonelt landbruk og mangfaldet av næringsverksemdar som er knytt til landbruket.
- ❖ Landbruket i Voss herad skal ha verdiskaping over landsgjennomsnittet, vera klima- og miljøvennleg og ha utgangspunkt i berekraftig bruk av lokale ressursar.
- ❖ Voss herad skal vera ein føregangskommune i jordvern ved å auka jordbruksareal i heradet
- ❖ Voss herad skal ha null-visjon knytt til nedbygging av jordbruksareal



Tiltak:

- Ta initiativ til ei framsynt og innovativ utvikling av landbruket vårt
- Landbruksinteresser skal vektleggjast i arealplanlegginga i Voss herad
- Bidra aktivt til at sysselsettinga i eit berekraftig og framtidretta landbruk vert oppretthalde
- Landbruket i Voss herad skal i størst mogeleg grad basera produksjonen på lokale ressursar, og ta ut potensialet for meirverdi gjennom kvalitet og god berekraftsøkonomi
- Utvikla skogbruket i Voss herad i tråd med målsetjingane om høg virkekvalitet og naturmangfald
- Laga beitebruksplan for kartlegging av ressursane i utmarka og legge til rette for ei god nytting av utmarksbeite
- Byggja opp om stølskulturen og få fleire stølar i drift. Utvikle omsetningsmoglegheiter for stølsprodukt og andre næringer knytt til stølskultur.
- Kartleggja og leggja til rette for nydyrking av jordbruksareal i Voss herad.



2. Haldningar og samarbeidsprosjekt

2.1. Vekstskultur

Verksemdene i Voss herad og alle næringsaktørar skal kjenna på at dei er verdsett som viktige verdiskaparar i vossabygda.

Mål:

- ❖ I Voss herad skal næringslivet vårt framsnakkast. Utviklingsbehov i lokalt næringsliv skal leggjast stor vekt på i kommunale vedtak.
- ❖ Eit globalt tankesett (*global mindset*) pregar avgjerder og prioriteringar i Voss herad.
- ❖ Næringslivet vårt skal oppleve at Voss herad har ei positiv og aktiv haldning til næringslivsutvikling.
- ❖ Næringslivet møter ein koordinert og kompetent kommune med ei positiv "dette får me til"-haldning innanfor lovverk og politiske vedtak.

Tiltak:

- Voss herad skal rigga kommuneorganisasjonen på eit sett som møter utfordringar knytt til framtidig strategisk næringsutvikling på best mogeleg sett
- Ha ein årleg debatt i Voss heradsstyre der me set kommunen si rolle som samfunnsutviklar på saklista, delar gode eksempel, drøftar korleis Voss framstår og får input på nasjonale og internasjonale trendar
- Vera ein pådrivar for nye idretts- og kulturarenaer i Voss og Indre Vestland
- Utarbeida eigen omdømmestrategi for å hausta fruktene av det omdømmet me byggjer med aktivitetar me har med «Arrangørbygda Voss»



2.2. Samarbeidsprosjekt herad – næringsliv

Samarbeid i Voss herad skal skapa tillit.

Mål:

- ❖ Det skal setjast i gong minst eitt nytt samarbeidsprosjekt årleg.
- ❖ Me skal leggja til rette for at verksemder i Voss herad kan dreia kjerneverksemda si mot klimavenlege og berekraftige løysingar.

Tiltak:

- Initiera prosjektet «*Levande Lokale i Voss sentrum*» i samarbeid med relevante aktørar
- Samarbeida om felles fysisk infrastruktur som byrom, plassar, gang og sykkelveggar
- Initiera europeiske samarbeidsprosjekt herad/næringsliv/frivillig lagsliv
- Samarbeida med dei vidaregåande skulane om felles prosjekt
- Samarbeida med høgskular og universitet om bachelor- og masteroppgåver
- Voss herad samarbeider med næringslivet om å støtta lokal toppidrett og kultur



3. Vertskapsrolla

3.1. Gründerar

Gründerar skapar nye arbeidsplassar som grunnlag for nye næringar og innovasjon. Dei utviklar ny teknologi, ny design og nye produkt.

Mål:

- ❖ Voss herad er ein kommune som stimulerer til og er attraktiv for kommersialisering av berekraftige forretningsidear
- ❖ Vossaungdommane skal motiverast til å tenkja gründerskap
- ❖ Voss herad skal tilby eiga rettleiing for gründerskap
- ❖ Voss tiltrekkjer og legg til rette for entreprenørar som ynskjer kombinera friluftsliv i flott natur med etablering av selskap



Tiltak:

- Vidareutvikla etablerarlaros- tenesta hjå Hardanger og Voss Næringshage
- Bidra til utvikling av økonomisk sjølvgåande *Coworking spaces* (sjå infrastruktur)
- Samarbeida med Høgskulen i Bergen og Universitetet i Bergen om tiltak for studentar
- Inngå formelle samarbeid med dei vidaregåande skulane våre
- Vidareutvikla samarbeidet med NAV, Vestland fylkeskommune og det øvrige verkemiddelapparatet
- Voss herad praktiserar innovative innkjøp og åpnar for nyetablerte verksemder som leverandørar
- Bidra til å oppdatere kompetanse på berekraft i verkemiddelapparatet
- Marknadsføra Voss for å tiltrekkja gründerskap



3.2. Eksisterande verksemder

Mål:

- ❖ Voss herad skal utnytta potensialet for vekst i tal arbeidsplassar hjå eksisterande verksemder.
- ❖ Voss herad skal tilby eit kompetent rettleiingsmiljø som skal bistå verksemdene i kontakt med verkemiddelapparatet.

Tiltak:

- Vidareutvikla tenestene hjå Hardanger og Voss Næringshage til ei styrka satsing på små- og mellomstore verksemder i Voss herad
- I samarbeid med Hardanger og Voss Næringshage leggja betre til rette for møter mellom investorar og verksemder
- I samarbeid med Hardanger og Voss Næringshage tilby møteplassar og wokshops (vidareføra [Last Tuesday](#))
- Samarbeida med relevante FoU miljø om tiltak for studentar
- Vidareutvikla samarbeidet med Nav og verkemiddelapparatet i Indre Vestland

3.3. Tiltrekka nye verksemder

Mål:

- ❖ Voss herad skal vera ein attraktiv lokasjon for etablering av regionale, nasjonale og internasjonale verksemder.

Tiltak:

- Nyttja digital marknadsføring for å tiltrekka nye verksemder til Voss
- Delta på relevante messer for å synleggjera Voss som attraktiv lokasjon
- Halda oss oppdatert om større regionale satsingar som kan innebera nye verksemdestableringar på Voss
- Utnytta potensialet som ligg i samarbeidet med Bergensalliansen¹²
- Ta aktiv del i det vidare arbeidet med å realisera Grøn Region Vestland¹³
- Synleggjera Voss som attraktiv lokasjon til statlege arbeidsplassar som skal flyttast ut av sentrale strøk
- Ta initiativ til å etablera hub/ teknologisenter

3.4. Plan og byggesaksbehandling

Mål:

- ❖ Voss herad har ei saksbehandlingstid og kvalitet som tilfredsstillar næringslivet sine behov, og som gjev næringslivet forutsigbarhet i planlegginga.

Tiltak:

- Ha gode areal for framtidig næringsutvikling
- Ha med eit eige avsnitt om konsekvensar for næringsutviklinga i alle relevante reguleringsaker.
- Ha eit velutvikla «beredskap for flaks» og vera parat når uventa sjansar byr seg
- Ha faste drøftingar med næringslivet om behov og viktige saker.
- Gjennomføra kurs og informasjonsmøter for tiltakshavarar og rådgjevarar.
- Gjennomføra brukarundersøking for å identifisera eventuelle forbedringspunkt.

¹² <https://no.wikipedia.org/wiki/Bergensalliansen>

¹³ <https://www.vestlandfylke.no/narings--og-samfunnsutvikling/gron-vekst/gron-region-vestland/>



3.5. Bustadutvikling, skular, barnehagar, kultur og fritidstilbod

Skal me klara realisera ambisjonane om vekst i nye og eksterande næringar i Voss herad lyt me ha ei heilskapleg satsing på bustadutvikling, tenestetilbodet i oppvekstsektoren og kultur og fritidstilbod.

Mål:

- ❖ Voss skal vera ein attraktiv stad å bu og flytta til.
- ❖ Det skal vera lettare å skaffa seg ein stad å bu til overkommeleg pris

Tiltak:

- Arrangera faste «*Velkommen til Voss*» arrangement for å ta vare på nye tilflyttar.
- Utarbeida strategi for bustadutvikling i Voss herad
- Ta initiativ til nye utbyggingsprosjekt og samarbeid mellom offentlege og private aktørar for å skapa fleire bustader til overkommeleg pris
- Leggja til rette for nybygging av (passiv) mini hus
- Etablere butilbod for sesongarbeidarar og tilflyttarar som treng mellombels buløysing
- Realisera «Sentrumsplanen» for å styrka Voss som attraktiv bu – og arbeidsstad.
- Vidareføra digitale plattformar for å synleggjera kultur og fritidstilbod i Voss herad

3.6. Parkering, kollektivtransport og logistikk

Transport av mennesker og gods er viktig for verksemdene i val av lokalsiering/ vertskommune.

Mål:

- ❖ Voss herad har tilstrekkeleg med parkeringsplassar i sentrum til å tilfredsstilla næringslivet sine behov.
- ❖ Voss herad skal vera aktiv i arbeidet med å snu transporthierarkiet og slik bidra til eit meir effektivt transportsystem med betre logistikk for varetransport og auka bruka av sykkel og gange.

Tiltak:

- Bruka parkering som strategisk verkemiddel for ei berekraftig stadutvikling¹⁴
- Leggja til rette for sentrumsnær bubilparkering
- Vera pådrivar for å få realisera tiltak i Voss herad sin trafikksikringsplan som legg til rette for mjuke trafikantar
- Utarbeida Voss herad sin eigen sykkelstrategi
- Vera pådrivar for betre kollektivtilbod



¹⁴ Parkeringsstrategi utarbeida i samband med Sentrumsplanen (2021)

<https://webhotel3.gisline.no/GisLinePlanarkiv/4621/12352018001/Dokumenter/Parkeringsstrategi%202019%20VK.pdf>



4. Møteplassar

4.1 Dialog med næringslivet

Kommunale planar skal ta omsyn til næringslivet sine behov. Næringslivet kan innretta seg i forhold til kommunale planar og prioriteringar i Voss herad.

Mål:

- ❖ Voss herad vert oppfatta som ein kommune som samhandlar godt med næringslivet.

Tiltak:

- Næringslivet i Voss samlar seg i eige «næringslag» for å vera ein best mogeleg partnar i samspel mellom kommune og næringsliv
- Næringslag og herad opprettar fast møtekalendar med møter kvart kvartal
- Etablere «innovasjons hub/ permanent Bygdelab» i samarbeid med næringslivet og frivillig lagsliv
- Samla studietur (herad, næringsliv og lagsliv) til *United Future Lab Norway*¹⁵ i Ålesund
- Gjennomføra årlege dialogmøter med toppleiarane i dei største verksemdene i Voss herad
- Vidareføra verksemdsbesøk i regi av Utval for kultur og næring
- Gjennomføra årleg kartlegging for å identifisera eventuelle forbedringspunkt

4.2. Arrangørbygda Voss

Store arrangement gjer Voss meir attraktiv.

Mål:

- ❖ Oppretthalda og styrka «Arrangørbygda Voss».
- ❖ *Vossadagane*¹⁶ er ei årleg nasjonal konferanse som femner om ulike fagfelt, set aktuelle samfunnsspørsmål under debatt, samt kombinerer dette med kultur, aktivitetar og opplevingar.



Tiltak:

- Støtta opp om dei faste årlege festivalane som set Voss på kartet (Vossajazz, Ekstremsportveko og Osafestivalen)
- Støtta opp om vidareføring av Voss Cup i samarbeid med idretts- og næringsliv
- Vera positiv til at det vert etablert nye små og store idretts- og kulturarrangement i bygda som styrkar arrangørbygda Voss
- Skaffa fleire langsiktige partnarar som kan bidra i realisering av Vossadagane
- Marknadsføra Voss som vertskap ved regionale og nasjonale konferansar
- I fall Noreg og Vestland vert aktuell som framtidig OL/PL arena skal skibygdga Voss vera ein naturleg del av dette

¹⁵ <https://www.unitedfuturelab.no/en>

¹⁶ <https://vossadagane.no/>



4.3. Møteplassar for ungdom

Ungdom er viktig for framtidig innovativ utvikling og for eit levande Voss.

Mål:

- ❖ Voss framstår som ei bygd der unge menneske ynskjer busetja seg, realisera arbeidskarriera si og/ eller starta eiga verksemd.

Tiltak:

- Invitera ungdom og studentar til møteplassane for gründerar og småverksemdar
- Støtta opp om vidareføring av «Fornybar Framtid» - energiveka i regi av Voss Energi
- Utfordra Ungdomsrådet til samhandling om å etablera gode møteplassar for ungdom og næringsliv
- Vidareføra satsingar som «Ungt entreprenørskap»
- Gjennomføra «Flytt heimatt» kampanjar og arrangement som bidreg til at vossaungdom flytter attende til bygda etter endt utdanning



5. Infrastruktur

5.1. Veg og bane

Voss er eit transportknutepunkt både for veg og bane. E16, hovudvegen aust-vest, samt tre andre sentrale fjellovergangar aust-vest er kopla på Voss herad. I tillegg er Voss den stasjonen på Bergensbanen med flest reisande om me ser bort frå endestoppa i Bergen og Oslo. Vidare kjem ei rekkje fylkes og kommunale vegar som alle er viktige for næringslivet. Veg og bane er generelt i dårleg stand og svært utsett både for ras og ulykker. Resultatet er at mange ikkje opplever det som trygt å reisa og at me har ein ineffektiv infrastruktur som er uføreseieleg, ofte stengt, lang ventetid og endå dårlegare omkøyringsvegar.

Mål:

- ❖ Me skal ha trygge og effektive veg- og banestrekningar i Voss herad

Tiltak:

- Arbeida for kontinuerleg utbygging av fellesprosjektet ny E16 og Bergensbanen mellom Voss og Bergen for å sikra raskast mogleg utbygging
- Auka midlar til ras og skredsikring
- Samarbeida tett med Vestland fylkeskommune om auka midlar til fylkesvegnettet
- Jobba for utbygging og utbetring av vegnettet for å henta ut skog, der særleg punktvis utbetring vil vera eit effektivt tiltak.

5.2. Hamner

Voss herad er kopla til fjorden både i vest og aust. I Bolstadfjorden i vest er det relativt liten aktivitet, men med eit visst potensiale med tanke på turisme og småbåtar. I aust er Granvin ei aktiv hamn for trelast, men hamna er attraktiv både med tanke på næring og som ei attraktiv småbåthamn. Tilgang til hamn er eit viktig kriterium når ei rekkje verksemdar vel kor dei ønskjer å etablera seg. Etablering av djupvasskai i Voss herad vil innebera at meir av godstrafikken kan flyttast frå veg og bane til sjøvegen. Dette vil ikkje berre vera positivt for skogsbruksnæringa og bygg- og anleggsverksemd i heradet, men eit viktig grep i samband med det grønne skiftet.



Mål:

- ❖ Utvikla Voss herad som «Fjord- kommune»
- ❖ Voss herad skal etablere djupvasskai langs Hardangerfjorden
- ❖ Granvin hamn skal vidareutviklast

Tiltak:

- Få på plass overordna plan for fjord og strandsoneforvaltning
- Kartleggja områda langs Hardangerfjorden for lokalisering av framtidig djupvasskai
- Etablere djupvasskai langs Hardangerfjorden i samarbeid med skogsnæringa og Landbruksdepartementet
- Utvikla delar av Granvin hamn som gjestehamn for småbåtar, evt servicebygg på land med mogelegheit for påfylling av drivstoff etc.

5.3. Bømoen flyplass

Bømoen flyplass er føresetnaden for at Voss også i framtida skal ha eit aktivt luftsportsmiljø

Mål:

- ❖ Sikra aktivitet på Bømoen flyplass for framtida.

Tiltak:

- Få på plass føreseielege vilkår for drift- og aktivitet på Bømoen flyplass
- Revidere driftsvilkåra for flyplassen



5.4. Digital infrastruktur

Mål:

- ❖ Voss herad skal ha ein robust digital infrastruktur som sikrar busetting, næringsutvikling og innovasjon.
- ❖ Heile Voss herad har god mobil- og internettdekning

Tiltak:

- Voss herad skal leggja til rette for at ambisjonane lagt på nasjonalt og regionalt nivå om framtidsretta og robust digital infrastruktur kan realiserast hjå oss.
- Identifisera område med for dårleg dekning og saman med aktørane utgreia og skaffa finansiering til løysingar



5.5. Næringsareal

Areal til næringsutvikling omfattar korleis vi nyttar naturressursar, og korleis vi legg til rette areal for ny næringsutvikling. Rett areal for rett næring, der me har tatt omsyn til tilgang til infrastruktur er sentralt. Ferdig regulerte areal vil vera eit av dei store konkurransefortrinna våre i framtida.

Mål:

- ❖ Voss herad har til ei kvar tid tilgjengeleg og ferdig regulerte næringsareal.

Tiltak:

- Rigga eigedomsforvaltninga- og utviklinga i Voss herad for framtida
- Sikra at det er sett av areal i arealplanar til den næringsutviklinga det vert lagt opp til
- Utvikla næringsareal til grønne næringar. Særleg fokus skal vera på areal til grønne kraftkrevjande næringar og innovativ nullutsleppsteknologi
- Vidareutvikla Voss næringspark Istad
- Kartleggja om Bjørkemoen skal nyttast til næringsformål
- Voss herad skal leggja til rette for mineralutvinning som næringsgrunnlag der dette kan realiserast på berekraftig sett
- Leggja til rette for nødvendig infrastruktur (energistasjonar) for utslepp – og fossilfri transport, inkludert bussar, varebilar og anleggsmaskiner

5.6. Vossakraft og energiproduksjon

Ein trygg og stabil kraftproduksjon er viktig for velferda vår. Samstundes vil ein god kraftbalanse og sikker kraftforsyning vera ein viktig føresetnad for vidare verdiskaping. Voss herad har god tilgang på fornybar energi gjennom vassressursane våre og er ein nettoleverandør av fornybar energi. I tillegg til vasskrafta er det innslag av både bioenergi, bruk av jordvarme og sol som energikjelde i heradet. Ei realisering av biogassanlegg på Voss vil kunna erstatta lokal bruk av fossil energi til transport, straum eller varme.

Mål:

- ❖ Få på plass ordningar som mogeleggjjer at krafta vår kan nyttast i Voss herad og slik vera eit attraktivt gode for å tiltrekkja nye industriar og verksemder.
- ❖ Setja Voss på kartet som nyskapande innan bruk av fornybare energikjelder.

Tiltak:

- Arbeida for betre nett for å kunne stetta behova til nye næringsaktørar
- Støtta opp om realiseringa av *Bømoen plussbygd*¹⁷ og ny næringsutvikling i samband med dette
- Bidra til at satsinga «*Biopark Voss*¹⁸» vert realisert og fylgja opp dette med å etablera lokale energistasjonar for å selja biogassen lokalt
- Tilretteleggja for utbygging av verksemder knytt til avfall – og avfallshandtering på Bjørkemoen¹⁹
- Kartleggja samla potensial for småkraft, sol og jordvarme i Voss herad
- Fylgja fylkeskommunen tett i vidare arbeid med Regional plan for fornybar energi

¹⁷ <https://voss.herad.no/f/p1/i7d0231d0-acb8-4447-afa4-0d9fff261226/presentation-utval-klima-og-miljo-bomoen-plussbygd.pdf>

¹⁸ <https://www.ihm.no/om-oss/samfunnsansvar/prosjekt-biogass-pa-voss>

¹⁹ *Potensiale ma. knytt til EU sin nye tekstilstrategi* – og nye verksemder knytt til dette.



5.7. Arbeidsfellesskap for småverksemdar, gründerar og fjernkontor

Behov for kostnadseffektive løysingar og skapa synergieffektar for dei som ynskjer det.

Mål:

- ❖ Voss vert ein bu- og arbeidsstad med kortreiste arbeidsplassar, klimavenlege arbeidsreiser og gode høve for fjernarbeid.
- ❖ Voss herad kan tilby ulike typar kontorfellesskap i privat og offentleg regi, tilpassa ulike behov.
- ❖ Voss kan tilby arbeidsfellesskap som stimulerer til nyutvikling og samarbeid på tvers av verksemdar.

Tiltak:

- Tilretteleggja for meir «*coworking places*» og «*remote working*»
- Vidareutvikla kontorfellesskapsløysingar
- Støtta opp om initiativ som samlar kunst- kultur- og handelsverksemd
- Tilretteleggja for meir bruk av heimekontor og fleksible arbeidsplassar i kommuneorganisasjonen
- Ta initiativ til samarbeid mellom dei ulike arbeidsfellesskapa i Voss herad



6. Kompetanse

Relevant kompetanse og utdanning, og gode system for livslang læring er avgjerande for å sikra arbeidskraft som tek høgde for skiftande behov i arbeidslivet.

Mål:

- ❖ Voss skal ha nok og rett kompetanse til å møte framtida.

Tiltak:

- Styrka samarbeidet med lokale og regionale utdanningsinstitusjonar, NAV, opplæringskontor, næringslivet og frivillig lagsliv
- Styrka satsing for kompetansebygging og rekruttering til «sårbare yrker» (helsefag, barne- og ungdomsarbeid og yrkesfag)
- Utarbeida strategi for å få dei som står utafor arbeidslivet i størst mogleg grad får nytta restarbeidsevnen
- Leggja særleg til rette for kompetansebygging og rekruttering for menneske med nedsett funksjonsevne
- Vera proaktiv i arbeidet med å få desentraliserte utdanningstilbod til Voss
- Framsnakka og leggja til rette for yrkesfaglege utdanningar og at desse kan ta fagbrev lokalt
- Auka tal lærlingplassar i både offentleg og privat sektor
- I samarbeid med Næringshagen i Hardanger og Voss utarbeida kompetansehevingspakker for lokalt næringsliv som trygger overgang til sirkulærøkonomi i Voss herad
- Bidra til at aktuelle satsingar og tiltak i *Voss i vekst*²⁰ vert realisert



²⁰ [Voss i vekst - Voss herad](#)



Effekt av satsingsområda i ulike næringer

Dei ulike satsingsområda må sjåast i samanheng og fleire av dei forsterkar kvarandre. Har me dei rette haldningane til verdiskaping, innovasjon, har kompetente folk, gode møteplassar og infrastruktur på plass, vil næringslivet kunne utviklast slik at måla vert nådd. Kunnskapsgrunnlaget seier ein del om kva som er status på Voss i dag og kva moglegheiter og utfordringar Voss har framover. Voss er ei servicetung bygd, med fleire bein i landbruket, men også høg aktivitet innan reiseliv. Det er få store bedrifter og relativt få sysselsette innafor næringer som krev høg utdanning.

Dersom me set saman status for ulike næringer i dag og kva potensiale det er for dei framover, så gjev dette oversikt over kvar Voss spesielt skal retta innsatsen. Område som grøn omstilling og digitalisering vil kunna styrka alle næringer.

Nokre område som Voss må satsa spesielt på er likevel:

	Sysselsette 2021	Vekst- potensiale	Kommentar
Helse- og sosialtenester	1 918	++	Treng fleire folk, men bransjen må omstillast for å handtera auka etterspurnad utan vesentleg vekst i tilsette
Bygge- og anleggsverksemd	1 106	+	Hyttebygging kan avta, men behov for fleire bustader og vegutbygging
Industri	426	++	Voss har god tilgang på areal, kraft og ressursar til nye verksemdar
Elektrisitet, vatn og renovasjon	137	++	Voss har god tilgang på naturressursar og potensiale i å nytta avfall til biogass
Off.adm., forsvar, sosialforsikring	338	+	Styrking av regionsenteret kan føra med seg fleire offentlege funksjonar
Informasjon og kommunikasjon	88	+++	Digitalisering av samfunnet gjev potensiale i etablering av IKT verksemdar.

Samarbeid for å nå måla

Det er heilt grunnleggjande at det i arbeidet med å realisera SNU Voss vert lagt vekt på samarbeid. Eit tett, tillitsbasert og godt samarbeid med alle relevante aktørar, både innanfor og på tvers av kommunegrensar og næringsbransjar, er heilt nødvendig.

For å lukkast lyt det og samarbeidast kring fire faktorar som spelar saman og forsterkar kvarandre: Bustadkvalitet, Arbeidsmarknad, Næringsliv og Kunnskapsmiljø (BANK). Sagt på ein anna måte, lyt dei fire BANK-faktorane komponerast slik at me ikkje berre oppnår kritisk masse i enkeltfaktorane, men at faktorane forsterkar kvarandre på eit sett som skaper sjølvforsterkande vekst





Internasjonale, nasjonale og regionale føringar

EU sin grønne vekststrategi – [European Green Deal](#) – legg opp til klima- og miljøpolitikk som går på tvers av politikkområde. Målet om klimanøytralitet i EU i 2050 er styrande for innhaldet i strategien. Stikkorda er meir berekraftig og sirkulær økonomisk utvikling med mindre forureining og lågare klimagassutslepp, betre helse, auka livskvalitet og nye arbeidsplassar. Strategien vektlegg eit breitt samarbeid mellom næringsliv, kommunar og regionar. Ambisjonen er at EU skal vera fyrste klimanøytrale kontinent i 2050, og at ein klarer 55 % reduksjon i klimagassutslepp til 55 % (frå 1990) i 2030.

Andre relevante føringar frå EU vil vera:

[EU sin strategi for sirkulær økonomi](#)

[EU sin tekstilstrategi](#)

Relevante nasjonale føringar:

[NOU 2020:12: Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn](#)

[NOU 2020:15: Det handler om Norge - Bærekraft i hele landet](#)

[Nasjonal transportplan 2022 – 2033 \(NTP\)](#)

[Nasjonal strategi for ein grøn, sirkulær økonomi.](#)

Relevante regionale føringar:

[Utviklingsplan for Vestland 2020–2024](#). *Regional planstrategi gjev ein felles kurs for å inkludera, inspirera og mobilisera Vestlandssamfunnet til innsats for ei berekraftig og nyskapande utvikling.*

[Berekraftig verdiskaping](#) *Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033.*

Vestland skal vera nyskapande og berekraftig. Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon.

Planen har tre satsingar:

- *Grøn næringsutvikling:* Handlar om at produksjon og næringsaktivitet skal utviklast i ei retning som er meir berekraftig for miljø og klima, og i tråd med FN sine berekraftsmål.
- *Innovative og inkluderande samfunn:* Innovative samfunn fornyar seg og skapar verdi for verksemder, samfunn og innbyggjarar. Inkluderande samfunn tek vare på mangfald og motverkar utanforskap.
- *Areal til næringsutvikling:* omfattar korleis vi nyttar naturressursar, og korleis vi legg til rette areal for ny næringsutvikling

[Grøn region Vestland](#) har avdekka verdikjeder og forretningsområde, og resultatet skal brukast som grunnlag når den regionale partnerskapen jobbar for å realisere potensialet for grøn omstilling i fylket. Prosjektet er ein partnerskap mellom Vestland fylkeskommune og Innovasjon Norge. Voss herad deltek i satsinga og utgjer saman med Hardanger og Sogn regionen Indre Vestland.

Andre relevante regionale planar vil vera:

[Regional plan for fornybar energi](#) (forventa vedtak i Fylkestinget mars 2023)

[Regional transportplan](#)

[Regional plan for klima 2022 - 2035](#) (forventa vedtak i Fylkestinget desember 2022)

[Regional plan for attraktive senter i Hordaland](#) (2015 – 2026)

[Regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn 2023–2035](#) (forventa vedtak 2023)



Oppfølging

Det er utarbeida to vedlegg til **SNU Voss**:

Handlingsplan SNU Voss 2023 – 2027 og Reiselivsstrategi for Voss (2023 – 2027)

Handlingsplan SNU Voss 2023 – 2027 gjev oversikt over dei tiltaka som skal prioriterast å arbeida med, for både kommuneorganisasjonen og næringslivet, dei fire kommande åra. Handlingsplanen skal oppdaterast årleg og tiltak som skal realiserast i heradet sin regi vil verta avspegla i økonomiplan og budsjettarbeid. Det skal utarbeidast måleindikatorar som kan nyttast til å vurdere måloppnåing i planperioden.

SNU Voss skal reviderast etter fire år og ny handlingsplan utarbeidast for perioden 2027 – 2030.

Reiselivsstrategi for Voss (2023 – 2027) skildrar strategiar og tiltak spesifikt retta mot reiselivsnæringa. Visit Voss vil utarbeida årlege handlingsplanar. Konkrete tiltak som skal realiserast i heradet sin regi vil verta innarbeida i økonomiplan og budsjettarbeid.

Vedlegg:

- 1) Handlingsplan 2023 – 2027
- 2) Reiselivsstrategi for Voss (2023 – 2027)

Lekkjer til kunnskapsgrunnlag:

- [SNU Voss – kunnskapsgrunnlag \(august 2022\)](#)
- [Analyse av næringslivet Voss \(Menon rapport, mars 2021\)](#)